

Haukeland universitetssjukehus
Energisenter for barn og unge
v/ Torhild Næss Vedeler

Dato: 20.12.2017
Vår ref.: 2016/299-29
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Utvikling av delprosjekt Knutepunktet

Vi viser til Fylkesrådmannen si sak om fullmakter 2015/12714-6 med vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 18. januar 2017.

Idrettscampus Bergen har i 2017 starta opp ei rekkje delprosjekt mellom sine åtte store aktørar, og Hordaland fylkeskommune medverkar i fleire av desse. Delprosjektet Knutepunktet har m.a. etablert ei satsing med Os vidaregåande skule, der ein jobbar med tiltak for å hindre fråfall i kroppsøvingfaget og unødig fritak frå kroppsøvingstimane. Delprosjektet har vorte svært godt motteke og det er fleire andre vidaregåande skular som ser stor overføringsverdi i modellen.

Det vert overført kr. 100.000 frå post 400.410 Idrettscampus Bergen og kr. 150.000 over post 400.420 til arbeid mot rus/psykiatri og partnerskap for folkehelse. Totalt vert det overført kr. 250.000 til delprosjekt Knutepunktet i Idrettscampus Bergen v/ prosjektleiar Torhild Næss Vedeler, dagleg leiar ved Energisenteret for barn og unge, Helse Bergen.

Utbetaling

Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling. Tilskotsmottakarar utan organisasjonsnummer samt enkeltmannsføretak slepp krav om elektronisk faktura, og utbetaling blir som tidlegare.

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva. Kontonr. 5201 06 74239

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med saksnummer og ressursnummer.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal saksnummeret brukast som fakturanummer, og ressursnummer skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- Link til brukarretteiing

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 16/299

Ressursnummer: 400 010

Beløp: 250.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.